

Til Alver kommune  
Postboks 4  
5906 Frekhaug



Skjelanger 09.03.2022

### Sak 22/223-Gjerdneset

Lerøy Vest AS – Søknad om løyve til å etablera anlegg for oppdrett av matfisk av laks og aure ved Gjerdneset i Alver kommune.

### Merknader.

Rømt oppdrettslaks og store mengder lakslus frå oppdrettsnæringa er ei viktig årsak til nedgangen i villaksbestanden i vårt distrikt.

For laksen i mellom anna Vossovassdraget er tilbakegangen dramatisk, trass i at store midlar har vore brukt i forsøk på å redde bestanden. Sjølaksefiskarane har vore utestengde frå fisket i ei årrekke i vårt distrikt.

I 2021 hamna villaksen på raudlista som nær truga.

Oppdrettsnæringa har ifylgje Veterinærinstituttet ei dødelegheit på 15 % i mærane. Dei meiner det er uetisk å auka oppdrettvolumet før næringa har redusert dødelegheita.

Sjølaksefiske har vore utøvd i fleire århundre, og vore ei viktig inntektskjelde. Årelang utprøving har vore gjort for å finna ut kvar det var mogeleg og lønsamt å setja ut fastståande reiskap etter laks. Frå Sjurdholmen ved Kårbø til Gjerdneset ved Landsvik er det fleire lakseplassar som vert råka av eit oppdrettsanlegg her. Forankringa vil koma i konflikt med utlegging av ilane til laksenøtene. Støy og uro i samband med drift og trafikk til og frå anlegget vil øydeleggja for laksefisket, og kan stengja for laksen si naturlege vandringsrute.

Plasseringa av lakseplassane er godt dokumentert i eit kart utarbeidd av fiskeriassistent Joh.O.Simonnæs i 1899, som syner laksefangstredskapane si plassering. Når ein studerer dette kartet, og ser kor tett det har vore med laksenøter i Mangerfjorden i høve til andre fjordar inn mot Osterfjordsystemet, synes det klårt at dette er den viktigaste vandringsruta for utvandrande smolt, og laks på innsig mot elvane.

Medikamentbruk og kjemikaliebruk i oppdrettsnæringa er til stor fare for andre artar som lever i sjøen. Til dømes har bruken av Hydrogenperoksid til avlusing auka frå 308 tonn i 2009 til 43246 tonn i 2015. Å sleppa desse mengdene med kjemikaliar rett i sjøen går også ut over anna liv i vannmassane.

Andre kjemikaliar brukt til avlusing har synt seg å utradera skaldyra i stor omkrins av anlegga. Krabbefisket på denne sida av Mangersfjorden er særskilt godt, og kan også verta skadelidande.

Å plassera eit oppdrettsanlegg så nært rekefeltet i Mangersfjorden synest uansvarleg og heilt meiningslaust.

I tillegg vil fekaliar og forrestar endra botntilhøva både biologisk og kjemisk. Mengdene vil vera å samanlikna med å sleppa ut kloakk frå ein by med omlag 50 000 menneske ureinsa rett i sjøen. Resultatet vil vera ei overgjødsling med mellom anna auke i algevekst, og kjemikaliar og medisinrestar på avvegar.

Oppdrettsanlegget vil med forankringane bandleggja eit stort område i fjorden der yrkesfiskarar og fritidsfiskarar vert utestengde frå fiske med garn, liner, teiner og andre botnreiskapar.

Med bakgrunn i det ovannemde går eg i mot at det vert gjeve løyve til det omsøkte anlegget.

Vedlagt eit kart og eit kartutsnitt,

Med helsing Bernt K. Skjelanger

*Bernt K. Skjelanger*